

Referat frå foreldremøte på SFO 03.10-16.

- 4 ansatte på SFO: Mette Schaal, Tove Nina Byrkjedal, Camilla Todnem og Susanne Espeland.
 - Mette, Tove Nina, Camilla og Susanne har ein langdag kvar til 16.15
 - Vi er 2 stk på jobb frå SFO begynner om dagane til kl.15.00.
 - På fredagane rullerar vi på å gå, då er vi 2 stk fram til kl.14 .00.
- Det er 25 elevar som går på SFO dette skoleåret.
 - 7 elevar som har A- tilbod.
 - 11 elevar som har B-tilbod.
 - 7 elevar som har C-tilbod.
 - 9 stk går på SFO i 1.klasse.
 - 9 stk går på SFO i 2.klasse.
 - 5 stk går på SFO i 3.klasse.
 - 2 stk går på SFO i 4.klasse.
 - I frå nyttår har vi 22 elevar på SFO, 3 elevar har sagt opp SFO-tilbodet.

- **Nye lokalar.**

Vi er veldig glad og stolt over vår nye SFO-avdeling. Vi har vore her eit år no og vi har fått det kjempe bra her. Vi trives veldig godt både elevar og vaksne.

- **Reglar og rutinar.**

Vi har ein herleg gjeng på SFO. Vi har mest 1 og 2.klassingar, derfor kan det bli ein del uro, støy.

Vi har nokon viktige reglar på SFO: - Vi brukar innestemme.

- Alle skal rydde etter seg.

-Vi skal gå, IKKJE springe

Vi brukar mykje tid på å lære elevane desse tinga. Dei blir drilla i dette kvar dag, og vi er nøgd til å vera litt streng på dette, slik at vi får det greit og triveleg på SFO.

- **Mat.**

Vi et mat ca kl.13.15 om dagane. Det er fordi skolen har lagt om til 60 minutters time, som gjer at dei et på skolen kl.10.10. Elevane er då veldig svoltne når dei kjem på SFO.

Vi har fast brødmåltid på torsdagane. Elevane treng då ikkje ha med matpakke på SFO.

Vi kjem til å leggje ut skriv og bilder på heimesida, så følg med der!

Viktig med matpakke og at ungane har nok mat med seg.

Vi har kjøkkentjeneste på SFO. Kvar veke får 2 elevar ansvar med å vera med å rydde av bord og sette i oppvaskmaskin etter måltid.

Dette lærer elevane av og dei synest og at det er stas.

- **Henterutinar.**

Vi bruker den store tavla i forbindelse med dagoppsett. Kven som skal gå heim sjølv. Kven som skal bli henta. Kven som skal ha fri.

Det er morgonvakta som sett opp liste for dagen.

Viktig at vi får beskjed viss det er endringer ein dag, send sms eller ring på mobiltelefonen. Då veit vi at vi får beskjeden, for vi har alltid mobilen på oss på SFO.

Det er veldig fint om vi får endringer før kl.08 om morgonen, for då er det folk på SFO som kan ta imot. Kjem det meldinger seinare, så er det ikkje ansatte på SFO før kl.13.05 på mandag, tirsdag, onsdag og fredager. Kl.11.55 på torsdag.

- **Årsplan**

-Mat ein dag i veka (torsdag)

-Kino på fredagane viss ungane ønskjer og det lar seg gjer.

-Vi har lage aktiviteter på tirs dagar og onsdagar.

-Vi har utedag kvar mandag. Viktig at ungane har gode klede på skolen/SFO til all slags ver!

-Haustfest i oktober, det er for alle på SFO, om dei har dag eller ikkje.

-Temafest i februar, det er for alle på SFO, om dei har dag eller ikkje.

-Foreldrekafe i april, foreldre får koma å sjå korleis vi har det.

-Kongeparktur før sommeren.

Vi kjem til å bruke SFO si heimeside aktivt!

Der legg vi ut informasjon, kva vi gjer, bilder, aktiviteter og diverse.

Viss de abonnerar på nyheiter på heimasida, får de alt som blir lagt ut til dykkar e-post.

Vi ønsker å få til Kongeparktur til våren. Vi var med SFO i Kongeparken i vår. Det var verkeleg stas for elevane og oss vaksne. Vi kosa oss veldig.

Det krev litt organisering og hjelp av foreldre. Vi tek betaling, 120kr pr elev til inngang og buss. Så treng vi foreldre som stiller opp med biler til henting i parken.

Det blir sjølvstags vanleg SFO viss det er elever som ikkje skal vere med.

Dette kjem vi tilbake til når våren kjem, då får de lapp om informasjon og påmelding.

- **Event/anna**

Vil informere om at det ikkje blir opent på SFO i juleferien. Det var dessverre ikkje nok påmeldte.

Viss det er noko de lurar på eller er ikkje er fornøgd med, så ver grei å gje beskjed eller ta kontakt! TLF SFO: 95294809, TLF Susanne: 92292583.

Vi vil høyra både ris og ros.

Mvh

Susanne B. Espeland

SFO-leder

Oltedal skole